

ÅRSPLAN  
FOR  
RØN NATURBARNEHAGE  
2023-2024



## Innhold

<b>Innleiing.</b> ....	2
<b>Kontaktinfo Røn naturbarnehage.</b> .....	4
<b>Generell info</b> .....	5
<b>Satsingsområde barnehageåret 23-24</b> .....	6
Barnehagens verdigrunnlag .....	6
Planlegging, vurdering og dokumentasjon:.....	8
<b>Våre tiltak når det gjeld:</b> .....	10
Venskap og fellesskap .....	10
Omsorg, lek, danning og læring.....	10
Overgangar .....	10
Foreldresamarbeid .....	10
Tilvenning.....	11
Livsmeistring og helse.....	11
Medverknad.....	11
<b>Kva er så ein naturbarnehage?</b> .....	12
Årshjul.....	13



## Innleiing.

Velkomne til nytt barnehageår☺ Spesielt velkomne til alle nye barn og foreldre☺

Eit kompetent personale gler oss, og ser fram til ein aktiv kvardag i lag med alle barn, inne og mykje ute då det pedagogiske rommet vi har i Røn naturbarnehage er eit av dei vitigaste.

I ute rommet skjer det allsidig utvikling kvar dag og forskning syner til at barna har fordel av mykje utetid langt inn i skulealder.

**Jmfr revidert strategi for Kompetanse** og rekruttering for framtidens barnehage står det at kvaliteten på barnehagetilbodet er avgjerande for at alle barn skal oppleve trygghet, trivsel, tilhørigheit og meistring, og for at barnehagen skal kunne utjamne sosiale forskjellar.

Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver gir tydelege føringar for korleis kommunale og private eigarar, styrarar, pedagogiske leiarar, og øvrige personale her under barnehagelærarar og barne og ungdomsarbeidarar skal arbeide for at alle barn skal få eit tilbod av høg kvalitet.

Kompetansestrategien er eit av regjeringas viktigaste verkemiddel for å sikre at barnehageeigar og barnehagen skal kunne realisere rammeplanens intensjon og krav.

### **Barnehagen skal vera ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast.**

Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplan. I info frå avdelingane undervegs i barnehageåret vil de sjå at ulike tema er knytt opp mot rammeplan- som er vårt styringsverk i tillegg til Barnehagelova og kommunens egne vedtekter.

Link til Udir

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

**Barnehagen er ein lærande organisasjon** og det pedagogiske arbeidet skal vera grunnlagt i barnehagelova og rammeplan.

Vi jobbar kontinuerleg for at vi har eit oppvekstmiljø som gir trygge, glade, sjølvstendige barn. Samla har alle i personalet god kompetanse -som er kvaliteten på barnehagen.

**Vi jobbar kvar dag med å bygge gode relasjonar** mellom barn, og mellom vaksne- barn.

De som foreldre er dei viktigaste personane i barns liv og vi skal saman ruste barna til å møte liva sine framover.

Vi vektlegg samarbeid med alle foreldre, i god og hensiktsmessig dialog og samarbeid, begge vegar.

Vi jobbar kvar dag for å gi alle barn ein barndom som er fylt med meistringsopplevingar som er kvardagsglede og som skapar godt samhald.

**Å gi barna kjensle av å høyre til** i eit VI, er noko vi er spesielt merksame på då det er viktig i arbeidet med barnehagebarn. Barndommen skal vera prega av trivsel, venskap og leik som er det fundamentale.

**Livsglede** er viktig, ved å gi barna erfaringar som opplevast positivt og som gir barna meistrings glede,- det er då vi ser glitrande barneaugo som gir oss som personale stor arbeidsglede.

Vi set stor pris på foreldre sitt engasjement i stort og smått gjennom året så ta gjerne kontakt med oss☺

### **Overgang barnehage skule**

Årshjul som vi har laga i samarbeid med skulen, som foreldre til skulestartarar kjenner til.

### **Trafikkplan**

Alle foreldre skal fylje organisering på parkering som alle kjenner til ved levering og henting.

Vestre Slidre er ei trafikksikker kommune med forventning om at alle fyl organisering av.

<https://www.tryggtrafikk.no/barnehage/>

**Satsingsområdet vårt dette året er barnehagens verdigrunnlag som er det siste tematiske området frå «Kompetanse for framtidens barnehage» frå Kunnskaps departementet.**

Målsetting og tiltak står lengre bak i planen.



## Kontaktinfo Røn naturbarnehage.

Barnehagen er ein kommunal 3 avdelingsbarnehage med 54 plassar, vi har eit flott uteområde med mange ulike turmogelegheiter.

Barnehagen vart ombygd til den flotte barnehagen vi har i dag i 2010, med god plass ute og inne. Våren 2020 fekk vi eit tilbygg, ein soveveranda til.

Vi profilerer oss som naturbarnehage, men har ei god veksling mellom ute- og innetid då omsynet til barns beste er viktigast.

Vi brukar Visma Flyt Barnehage -digital kommunikasjonsplattform som har smarte løysingar for at alle føresette raskt skal få tilgang til informasjon frå barnehagen.

Alle foreldre må laste ned Appen Min barnehage føresatt app.

Kun to tastetrykk for registrering av fråvær, sending av beskjed til barnehagen.

Info frå barnehagen via Visma, frå avdelinga og frå styrar.

Om de ynskjer å ringe eller å sende sms.

Røn naturbarnehage ved styrar 97 60 28 76

Nøtteliten : 90 40 53 00

Marihøna: 90 40 66 50

Gaupa: 94 87 46 20

e-post til :

[gunn.britt.haugrud@vestre-slidre.kommune.no](mailto:gunn.britt.haugrud@vestre-slidre.kommune.no)

[ron.barnehage@vestre-slidre.kommune.no](mailto:ron.barnehage@vestre-slidre.kommune.no) ta gjerne kontakt!

link til heimesida:

<https://www.vestre-slidre.kommune.no/>



### **Råd og utval for barnehageåret 2023-24**

som de kan ta kontakt med når det gjeld barnehagesaker er:

Su leiar: Isabelle Vladovic 99151732

Nestleiar:?

Vara: Mari T. Ulven 95755697

Personal rep: Hilde Kverneggen 97 16 49 74

Personal rep: Hege Storjord 97 61 37 61

Politisk rep: Johanna Fuglesteg 90 15 66 13/

Vara: Anne Berit Strømmen Stand 97 59 71 50

Styrar og referent Gunn Britt L. Haugrud 97 60 28 76



## Generell info

Levering av barn	Vi loggar barnet inn i Visma på morgonen inna kl 9.30 Vi er ofte på turar, barna må fyljast dit av foreldre om barna kjem etter kl. 9.30
Foreldresamarbeid	Foreldremøter og utviklingssamtaler vår og haust. Ved delt omsorg så møter begge foreldre på felles utviklingssamtale.
Frukost/ to-mat	I barnehagen for dei som har med det etter kvart som barna kjem, og fram til kl.8.45. Dei som kjem seinare har ete heime. Yoghurt/ smoothie, er også godt alternativ til frukost, i tillegg til bær, grønnsaker og frukt, variert.
Spesielle dagar	som nissefest, utkleddningsdag og liknande er for dei barna som har dag.
Utedagar heile dagen	Info om dette kjem frå avdelinga. Barna møter då ferdig påkledd. Det er eige ordning for dei på Nøtteliten då dei har ekstra omsyn å ta i forhold til kulde og liknande. På utedagane er vi ute frå kl 7.30 og heile dagen. Gaupa er ute heile dagen i mai, juni og juli.
Skuleklubb	for barn fødde i -18, eiga rutine overgang barnehage – skule, tilrettelegg saman med skulen, oppstart etter innskriving. Foreldra får eige informasjonsbrev frå barnehagen. Tur i lag med skuleklubben i Slidre barnehage. Dei har og tilbod om tilvenjing i vatn frå ca mars mnd.
Bursdag	markerast etter kvart, med song, krone som er bestemt av bursdagsbarnet. Barnet får medverke korleis dei vil ha dagen sin.
Grillhytte	er god å gå inn når det blir blautt og kaldt, vi har og gapahuk i Hundremeterskogen.
Turkassemål	barna er flinke til å gå turar i nærmiljø, det er mange løyper i nærmiljøet. Vi har og vår eigen skilta løype.
Ski og akedag	felles for alle utpå vinteren, men eige opplegg for Nøtteliten.
Besøksdag	med invitasjon til besteforeldre / foreldre /andre viktige vaksne der barna får vise fram barnehagen sin.
Juletradisjonar	vi bakar, syng, har adventssund o. l. denne tida og førebur vi oss jfr den kristne formålsparagrafen
Henting av barn	Vi i barnehagen vil gjerne informere dykk korleis barnet har hatt det i barnehagen. No er uteområdet vårt vorte så stort at no må de sjølve vera med å ta ansvar for å oppsøkje dei vaksne på avdelinga for å få denne informasjonen som og er viktig i forhold til kvalitetsarbeidet i barnehagen vår.
Sikkerheit	Vi loggar ut barnet i Visma når vi har sagt takk for idag til barn og foreldre.  Brannøving vår og haust.  Vi foreheld oss til FHI sin veileder og jobbar for å forhindre smitte ved å ha gode rutiner som alle personale og foreldre i lag tek ansvar for.  Soverutiner-ein personal er ansvarleg på kvar avdeling kvar dag.  Visuell sjekk av uteområdet kvar morgon.  Vi fyl rutinebeskriving vi har når barnehagen er på tur.

## Satsingsområde barnehageåret 23-24

### Barnehagens verdigrunnlag

Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

#### Mål:

- Sikre at alle born blir inkludert i eit trygt og godt demokratisk barnehagemiljø, der det er rom for mangfald og likestilling.
- Væra merksame på, og jobbe for å oppdage vald og overgrep mot barn.
- Fremje berekraftig utvikling og lære å ta vare på naturen.
- Sikre barns psykiske og fysiske helse.

#### Tiltak:

- Vi skal legge til rette for barns medverknad, god kommunikasjon, positiv relasjonsbygging og eit godt foreldresamarbeid.
- Ved kunnskap, kompetanse og relasjonelt mot, skal vi evne å avdekke ulike valdelege handlingar mot barn, samt oppfølging.
- Vi skal gi barna opplevingar for å bli kjende med seg sjølv og mangfaldet, som individ og i gruppe i samspel med naturen.
- Vi skal bidra til barnas trivsel, livsglede, meistring og følelse av eigenverd og forebygge krenkelsar og mobbing.



Barnehagen skal byggje på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og internasjonale konvensjonar.

Mål:

- Vi skal jobbe målretta for barns beste.
- Barnehagen skal sikre ein god barndom.

Tiltak:

- Vi skal møte barnets behov for omsorg, anerkjenning og tilhøyrse, ved å kjenne til å praktisere styringsdokumenta.
- Vi skal legge til rette for leikens eigenverdi, omsorg, læring og danning, ved å vera deltakande og aktive vaksne.


Barnehagens verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av barnehagens pedagogiske arbeid.

Mål:

- Barnehagen skal vera ein lærande organisasjon, som jobbar for utvikling og endring av pedagogisk praksis.

Tiltak:

- Vi skal gjennom kritisk refleksjon, kollektiv læring og endring av pedagogisk praksis, sikre at alle barn får eit barnehagetilbod av høg kvalitet, som dokumenterast ut til føresette.
- Dette visast gjennom årsplan, månadsplanar og den digitale plattformar.





## Planlegging, vurdering og dokumentasjon:

### **Planlegging:**

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd og personalet planlegg utifrå aldersbestemte grupper si modning og utvikling Jf rammeplan:

Foreldre har rett til å medverke i dette arbeidet- ta kontakt med pedagogisk leiar på avdelinga.

Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og gruppa.

### **Vurdering :**

Vi brukar regelmessig eige vurderingsskjema avdelingsvis i tillegg til at vi i personalet har vurdering av eigenpraksis med ulike metodar på nettverksmøter og avdelingsmøter for å sikre at alle barna får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplan.

Vurderingsarbeidet i den enkelte barnehage må bygge på refleksjon og diskusjon som heile personalgruppa er involvert i. Vurdering som blir gjort tilgjengelig for andre, kan bidra til open og brei debatt om barnehagens mål, innhald, oppgåver og kvalitet.

Kvalitetsvurdering er viktig for å utvikle barnehagen som organisasjon og er ein forutsetning for kvalitetsutvikling.

### **Dokumentasjon:**

Her skal vi synleggjera korleis vi jobbar for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplan for barnehagen som er ein lærande organisasjon.

Månadsbrev frå avdelinga er eit eksempel på dette.

Etikken i dokumentasjon er eit etisk perspektiv som vi er merksame på.

GDPR –personvern- alle personopplysningar skal behandlast i samsvar med personopplysningslova.



## Våre tiltak når det gjeld:

### Venskap og fellesskap

Vi skal støtte og veilede barna til å utvikle venskap og få god relasjonskompetanse.  
Barna skal få erfare fellesskap og demokrati gjennom gjensidig respekt og toleranse.  
Vi skal verne om leiken som pedagogisk reiskap.  
Dele inn i mindre faste aldersgrupper, ha leikegrupper og tilrettelagte pedagogiske opplegg, ute og inne.  
Vi skal stimulere til godt samarbeid avdelingane imellom, i tillegg til barnehagane og skulen imellom, spesielt for skuleklubben.

### Omsorg, leik, danning og læring

Med personalets visjon om « vind i håret og meistringsfryd» skal vi:  
Gje barna omsorg og trygghet som er ein føresetnad for at barn skal delta i leik.  
Gjennom leiken vil barna oppleve danning og læring, barna seg imellom, og individuelt.  
Vi skal legge til rette for meningsfulle og artige aktivitetar.  
Vi skal gje barna tid, og vaksne skal vera aktivt deltakande gjennom heile dagen.  
Vi skal styrke enkeltbarnet individuelt, i gruppe, og i ein allsidig og variert kvardag.  
Ein heilskapleg tilnærming til barn si utvikling.  
Humor og livsglede skal ha ein sentral plass.  
Vi skal bruke uteområdet og naturen som ein naturleg leikearena.

### Overgangar

Nye foreldre får informasjon om tilvenning på eige informasjonsmøte.  
Vi har rutinar som alle i personalet kjenner til og praktiserer, slik at alle overgangar kjennest trygg og naturleg for barn og foreldre.  
Vi vektlegg god dialog med foreldre.  
Foreldre får beskjed i god tid før overgangen til ny avdeling, barna er på besøk på den nye avdelinga i lag med kjent personale og får delta i ulike situasjonar.  
Nye relasjonar oppstår mellom barn-barn og mellom barn-vaksen og personale er særleg merksame på dette.  
Barnet skal få tid slik at dei opplever tilhøyrsløse og føler at det er trygt å leike, utforske og lære.  
Overgang barnehage-skule er det eigen rutine for der barna skal få høve til å gle seg til skulestart.

### Foreldresamarbeid

Vi skal vera profesjonelle og tydelege i møte med foreldre, ha god og open dialog i kvardagen og ha låg terskel for å kunne ta opp saker som rør- begge vegar.  
Vi skal utøve relasjonelt mot, og vektlegge barnets stemme.

Vi skal lytte og ta omsyn til foreldre sine meiningar, samstundes kunne grunngje våre vurderingar-til barns beste.

Vi skal i fellesskap ha fokus på tidleg innsats, og kunne samarbeide om evt tiltak.

Vi skal praktisere det vi har utarbeida i dokumentet om kvalitet i dei ulike kvardagssituasjonane i barnehagen.

### Tilvenning

Vi skal legge til rette for god kommunikasjon med foreldre, med fokus på open og ærleg dialog.

Vi skal gje barna ein god start i barnehagen, basert på omsorg, kompetanse, trygghet og tid.

Kvart enkelt barn får ein primærkontakt når dei startar i barnehagen.

Personalet skal praktisere rutine vi har for god og trygg tilvenjing.

Barn og foreldre skal bli møtt med anerkjennande, støttande og imøtekomande personale.

### Livsmeistring og helse

Vi jobbar for at barna skal bli sjølvstendige, robuste barn individuelt og i fellesskap for å kunne stå best mogleg rusta i heile utdanningsløpet for å kunne tole motgang og medgang.

Barns psykososiale miljø og helse skal ha auka fokus, ilag med alle foreldre.

Ha fokus på all den meistringa og gode opplevingar barna har ilag med andre som ein reiskap for at barna skal lære å like seg sjølve og bygge opp sin identitet.

Vi skal legge til rette for barns trivsel i lag med andre barn og vaksne, som ei fortsetjing for utvikling og progresjon.

Vi skal hindre utestenging og krenking.

Vi skal ha fokus på verdiar, haldningar og ha ein praksis for eit meir berekraftig samfunn.

### Medverknad

Vi skal lage planer som er medverkande til at barn opplever meistring og livsglede.

Fylje opp barns initiativ, interesser og innspel ut ifrå barns alder, utvikling og modning.

Fokusbarn- der enkeltbarn får medverke i eigen kvardag.

Ha planer som utgangspunkt, men også være open for det spontane.

Inkludere foreldre sin medverknad.

## Kva er så ein naturbarnehage?

I dag fins det ikkje sentrale føringar på kva som er kriteria for å kalla seg ein naturbarnehage. Hjå oss har vi faste utedagar, då er vi ute heile dagen. Ellers er vi mykje ute uansett.

Sjølvsagt brukar vi skjønn kvar dag, og vurderer heile tida kva som er til det beste for barna. Dette gjeld særleg dei minste barna, dei er ikkje i så mykje varmeproduserande aktivitet som eldre barn, og dette tek vi sjølvsagt hensyn til.

Klimaet vårt kan til tider vera både kaldt og snørikt.

Ellers har vi som mål å vera mest mogeleg ute kvar dag, då det kjem barna til nytte langt ut i skulealder slik forskning syner.

Vi ønsker å ta utgangspunkt i naturen som arena for leik, opplevingar og læring.

Uterommet er det største pedagogiske rommet i barnehagen.

Her finn vi mykje interessant, og drifta av barnehagen vil på denne måten bli mindre produktstyrt. Barna brukar det dei finn i naturen til å leike med- spesielt når vi har fantasidagar/ veker.

### 1) God plass til den frie leiken

Betre tid, større areal, ungane kan gøyme seg bort, mindre vaksenstyring, færre leikeutstyr dermed mindre konflikter. Barnekulturen blomstrar ☺

### 2) Trygge barn i naturen er eit mål.

Opplera meistring, og på den måte utvikle positive haldningar til naturen.

### 3) Meistringsopplevingar.

Motoriske ferdigheiter, utvikle kroppbevisstheit, barna flyttar eigne grenser, kunnskap og naturmiljø.

### 4) Sanseopplevingar.

Desse blir stadig nye i eit miljø som heile tida endrar seg i løpet av året. Den vakse må hjelpa barna til å bli bevisste og setja ord på ting- språkstimulering.

### 5) Naturkunnskap.

Artkunnskap, kjenne til samanhengar, utnytta” her og no- situasjonar”, nytte faktabøker/ I pad/ smarttelefon for å bygge opp under barna si interesse for det dei ser og opplever.

- 6) Kulturformidling.  
Naturen som spiskammer, turkultur, stadnamn, segn, historier, leikar og aktivitetar.
  
- 7) Følgje årets rytme.  
å vende tilbake til same stad på dei ulike årstidene, og sjå på endringane.
  
- 8) Bålet som sentralt element.  
Varmekilde, stemningsskapar, samlingspunkt, praktisk kunnskap, respekt for ild, matlaging.
  
- 9) Personale med eit bevisst forhold til natur –og friluftsliv.  
Dei vaksne er rollemodellar, og dei må ha ei tru på at dette er viktig for barn.  
Dei må ha eit eigarforhold til det dei formidlar ☺
  
- 10) Bevisst bruk av nærmiljøet.  
Lære ungane korleis dei skal bruke naturen, utan å forbruke.  
Lære om berekraftig utvikling.

**”VI ARVAR IKKJE JORDA AV VÅRE FORFEDRE, VI LÅNER DEN AV VÅRE BARN!”**

## Årshjul

Foreldremøte	4.sept-23
Brannøvinghaust og vår brannvernveke- 38	18. og 19 sept/ 2. og 3.mai
Fjelltur for skuleklubben	Dato kjem på månadsplan
Planleggingsdagar	16. 17. og 18 aug og 24. nov-23 2. Januar-24 Barnehagen stengt.
Nissefest	Dato kjem på månadsplan
Luciatog for skuleklubben, foreldre blir inviterte.	Onsdag 13.desember
Alle foreldre blir inviterte til eit arr. på ettermiddag i desember	Dato kjem på månadsplan.
Julevandring skuleklubben	Dato kjem
Samefolkets dag	6. februar
Utkledningsdag	Dato kjem
Overgang barnehage-skule for skuleklubben	Rutine overgang barnehage-skule
Foreldremøte vårhalvåret	April
Frist for å melde ferie i Visma	1.mai-24
Sumaravslutning- foreldre til skulestartar arr.	Dato kjem då det må avklarast mellom skule og barnehage.
Overgang barnehage-skule 1. kveld foreldreskule	Overgangssamtalar med skulen og felles foreldremøte for skulekullet
Sumarstengt	Veke 29 og 30

Vi skal og markere barnehagedagen, verdensdagen for psykisk helse.  
datoar kjem på månadsplan.

Tema for avdelingane vil gjennom året bli å vera.

Haust: Nye avdelingar, tilvenning, nye relasjonar, fargar, bær, innhausting og berekraftig utvikling.

Vinter: snøforming, ski og aking.

Vår: vårteikn, vatn og miljøarbeid, trafikkopplæring.

Sumar: sol, leik med vatn, og turar i nærmiljø.